



# Innst. S. nr. 43

(2005-2006)

## Innstilling til Stortinget frå kommunal- og forvaltningskomiteen

St.prp. nr. 16 (2005-2006)

### Innstilling frå kommunal- og forvaltningskomiteen om endringar på statsbudsjettet 2005 under Moder- niseringsdepartementet

Til Stortinget

#### 1. SAMANDRAG

##### 1.1 Programkategori 01.00 Administrasjon mv.

###### 1.1.1 Kap. 1500 Moderniseringsdepartementet

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

*Tilføying av stikkordet "kan overførast"*

Det vert gjort framlegg om at posten får stikkordet "kan overførast".

##### 1.2 Programkategori 01.20 Fellestenester

###### 1.2.1 Kap. 1522 Statens forvaltningsteneste

POST 21 SPESIELLE DRIFTSUTGIFTER

Produksjonen av Norsk lysingsblad er lagt om, og frå 1. juli 2005 vert Norsk lysingsblad og Innkjøpsbilaget berre produsert elektronisk. Denne løysinga fører til at kostnadene på post 21 vert reduserte.

Det vert gjort framlegg om å redusere løyvinga med 9,424 mill. kroner til 32,162 mill. kroner i 2005.

###### 1.2.2 Kap. 4522 Statens forvaltningsteneste

POST 4 INNTEKTER - NORSK LYSINGSBLAD

Omlegginga av produksjonen av Norsk lysingsblad til elektronisk form, fører til at abonnementsinntektene vert reduserte. Det vert gjort framlegg om å redusere løyvinga med 8,369 mill. kroner til 7,7 mill. kroner i 2005.

##### 1.3 Programkategori 01.40 Pensjonar m.m.

###### 1.3.1 Kap. 1544 Bustadlån til statstilsette

POST 90 LÅN

Det er venta utbetalingar av færre lån enn det som vart lagt til grunn ved behandlinga av St.prp. nr. 65

(2004-2005). Basert på erfaringstal er det venta at færre lån vert innfridde i år enn ein tidlegare har gjort rekning med.

Det vert gjort framlegg om at løyvinga vert redusert med 400,0 mill. kroner til 100,0 mill. kroner.

###### 1.3.2 Kap. 4546 Yrkeskadeforsikring

POST 1 PREMIEINNTEKTER

Nedjusteringa av overslaget er gjort på grunnlag av netto kreditering av kundar i samband med avrekningar for 2004, og eit oppdatert fakturagrunnlag for 2005 knytt til tal årsverk og risikoklassar.

Ein gjer framlegg om at løyvinga vert redusert med 4,0 mill. kroner til 172,0 mill. kroner.

###### 1.3.3 Kap. 4547 Gruppelivsforsikring

POST 1 PREMIEINNTEKTER

Oppdaterte overslag over premieinntektene inneber ein auke med 3,0 mill. kroner i forhold til gjeldande løyving på grunnlag av fakturering av kundar i samband med avrekningar for 2004 og eit høgare fakturagrunnlag for 2005 knytt til ein auke i talet på årsverk.

Det vert gjort framlegg om å auke løyvinga under kap. 4547 post 1 med 3,0 mill. kroner til 43,0 mill. kroner.

###### 1.3.4 Kap. 2470 Statens Pensjonskasse

POST 24 DRIFTSRESULTAT

Som følge av auka avskrivningar vert det gjort framlegg om at kap. 2470 post 24, vert auka med 0,534 mill. kroner i 2005.

##### 1.4 Programkategori 01.60 Statsbygg

###### 1.4.1 Kap. 1582 Utvikling av Fornebuområdet

POST 30 INVESTERINGAR PÅ FORNEBU, KAN OVER-  
FØRAST

Det har oppstått eit behov for opprydding av landområda på marinaene. Dette er ein kostnad det ikkje er teke omsyn til i budsjettet for 2005.

På denne bakgrunnen vert det gjort framlegg om at løyvinga under kap. 1582 post 30 vert auka med 10 mill. kroner, frå 33,9 mill. kroner til 43,9 mill. kroner.

#### 1.4.2 Kap. 5446 Sal av eigedom, Fornebu

##### POST 1 LEIGEINNTEKTER, FORNEBU

Medan ein ventar på slutføring av sal, er ein del leigeforhold forlengde. Det vert difor gjort framlegg om ei løyving på kap. 5446 post 1 på 1,0 mill. kroner.

##### POST 40 - SALSINNTEKTER, FORNEBU

Dei avtalte salssummane er 104,6 mill. kroner høgare enn budsjettet.

På denne bakgrunnen vert det gjort framlegg om å auke løyvinga på kap. 5446 post 40 med 104,6 mill. kroner, frå 233,9 mill. kroner til 338,5 mill. kroner.

## 2. MERKNADER FRÅ KOMITEEN

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, leiaren Dag Terje Andersen, Tore Hagebakken, Saera Khan, Inger Løite og Arild Stokkan-Grande, frå Framstegspartiet, Per-Willy Amundsen, Åge Starheim og Ib Thomsen, frå Høgre, Kari Lise Holmberg og Bent Høie, frå Sosialistisk Venstreparti, Åsa Elvik, frå Kristeleg Folkeparti, Bjørg Tørresdal, frå Senterpartiet, Arnfinn Nergård, og frå Venstre, Vera Lysklætt, tek den framlagte tilleggsproposisjonen til orientering. Komiteen er tilfreds med dei endringane som er beslutta i forhold til Norsk lysingsblad. Komiteen har merkt seg at det er eit mindre behov for ordninga med spesielle bustadlån til statstilsette.

## 3. TILRÅDING FRÅ KOMITEEN

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjere slike

vedtak:

### I

I statsbudsjettet for 2005 vert det gjort følgjande endringar:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter:			
1522	21	Statens forvaltningsteneste Spesielle driftsutgifter, vert redusert med ..... frå kr 41 586 000 til kr 32 162 000	9 424 000
1544	90	Bustadlån til statstilsette Lån, vert redusert med ..... frå 500 000 000 til kr 100 000 000	400 000 000
1582	30	Utvikling av Fornebuområdet Investeringar, Fornebu, vert auka med ..... frå 33 914 000 til kr 43 914 000	10 000 000
2470	24	Statens pensjonskasse Driftsresultat	
		1 Driftsinntekter .....	- 317 699 000
		2 Driftsutgifter .....	252 602 000
		3 Avskrivningar .....	16 554 000
		4 Renter av statens kapital .....	1 127 000
		5 Til investeringsformål .....	16 000 000
		6 Til reguleringsfond .....	- 15 298 000
4522	4	Statens forvaltningsteneste Inntekter, Norsk lysingsblad, vert redusert med ..... frå kr 16 069 000 til kr 7 700 000	8 369 000
4546	1	Yrkesskadeforsikring Premieinntekter, vert redusert med ..... frå kr 176 000 000 til kr 172 000 000	4 000 000
4547	1	Gruppelivsforsikring Premieinntekter, vert auka med ..... frå kr 40 000 000 til kr 43 000 000	3 000 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
5446		Sal av eigedom, Fornebu	
	1	Leigeinntekter, Fornebu, vert løyvd med .....	1 000 000
	40	Salsinntekter, Fornebu, vert auka med .....	104 600 000
		frå kr 233 920 000 til kr 338 520 000	

## II

Stortinget samtykkjer i at stikkordet "kan overføres" føyast til løyvinga under kap. 1500 Moderniseringsdepartementet post 21 Spesielle driftsutgifter, i statsbudsjettet for 2005.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 7. desember 2005

**Dag Terje Andersen**  
leiar

**Åge Starheim**  
ordfører

